

Agder fylkeskommune
v/ Eivind Dalseg

14.08.25

Saknr 22/21390

Søknad om prosjektmidler til driftskostnader for stiftinga Setesdal Stavkyrkje.

Stiftinga Setedal stavkyrkje søker med dette driftsstøtte frå Agder fylkeskommune for å sikre eit vidare langsiktig arbeid med utviklinga av prosjektet Setesdal stavkyrkje.

Prosjektet skal vere eit nasjonalt referanseprosjekt innan tradisjonelt bygghandverk, kunnskapsoverføring og formidling, samtidig som det vil vere ein levande møteplass for lokalbefolkning og tilreisande.

Det lokale bidraget som stiftelsen står for er i stor grad driven på dugnadsinnsats frå støttespelarar og styret - som har lagt ned eit betydeleg og velvillig arbeid for å realisere prosjektet. For å sikre kontinuitet og langsiktig oppbygging i eit stort og omfattande prosjekt er vi stiftelsen avhengige av å ha ein ansatt prosjektleiar i 100% stilling, gjennom dei neste tre åra.

Vi søker derfor om;

kr 613.030 (2025) kr 593.030 (2026 og 2027).

Midlane skal nyttast til lønnsutgifter til prosjektleiar, førebels prosjektering, nødvendige nettverks- og dokumentasjonsarbeid, markedsføring samt sikre drifta av stiftinga – herunder regnskap, reiseutgifter og leige av næringslokale for publikumsmottak. (Sjå vedlagt budsjettoversikt)

Stiftinga har søkt Valle kommune om prosjektstøtte på tilsvarende beløp og varighet. Denne søknaden vil bli handsama i september.

Vedlagt følgjer prosjektbeskriving, budsjett, stadfesta samarbeidspartnarar, samt organisasjonskart og statusrapport for prosjektet pr. 11.08.25.

Vi håpar Agder fylkeskommune vil vere med å løfte fram dette unike tiltaket som styrkjer Setesdal si kulturhistoriske og handverksbaserte identitet.

Med venleg helsing,
Knut H. Rysstad

Styreleiar
Stiftinga Setesdal stavkyrkje

Vedlegg:

- Budsjett drift
- Statusrapport 11.08.25
- Fagartikkel «Hylestad stavkirke gjenoppstår»
- «Prosjektplan tørrmuring»
- Organisasjonskart
- Vedtak representantskapet Setesdalsmuseet eigedom IKS
- Formannskapet i Bykle
- Link reguleringsplan Bjugsbakk